

Saksbehandlar: Tore Eriksen, fylkesrådmann
Sak nr.: 14/7599-1

Regionreforma som del av kommunereforma

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet ber leiinga i fylkeskommunen reise spørsmålet om Vestlandsrådet – slik dette no er geografisk definert – er innstilt på å få utgreidd ei felles regionløyning for landsdelen. Jf. Stortinget sine vedtak om dagens fylkeskommunar/ mellomnivået i norsk forvaltning av 18. juni 2014.
2. Fylkesutvalet ber fylkesordførar og fylkesrådmann oppmode partane som no arbeider med kommunereforma i fylket om å vere med å gjere ei samtidig utgreiing av eit alternativ basert på 1 – ein – folkevald kommuneorganisasjon i Sogn og Fjordane («Oslo-modell»).

Nemnde kommuneorganisasjon må kunne byggje på dei oppgåver kommunane og fylkeskommunen no har og tillegg få tilført nye oppgåver frå staten.

Nemnde utgreiing bør vise kor stor og robust ein slik organisasjon faktisk kan bli og korleis organisasjonen kan styrast, herunder korleis ein kan delegere avgjerdsmynde til egne sektororgan og til underliggjande geografiske/lokale organ.

Dersom det viser seg å vere interesse for ei slik utgreiing, må kommunane – ev. gjennom regionråda og gjerne også KS – vere delaktige i utgreiingsarbeidet. Fylkeskommunen bør likevel tilby seg å finansiere arbeidet. Eit ev. endeleg vedtak om å starte eit slikt utgreiingsarbeid bør gjerast i fylkestinget våren 2015.

Vedlegg:

1. Oppsummering av nasjonale vurderingar av spørsmålet om regioninndelinga i Norge gjorde i perioden 1992 – 2009. Nivi Analyse AS, oktober 2014.
2. Rapport frå Møreforskning om regionnivået. Levert KMD 17.11.14.
3. «Oppgavefordelingen ved en kommune- og regionreform» av 17. juni 2014. Rapport frå arbeidsgruppe initiert av fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet.
4. Prosjektplan for gjennomføring av kommunereforma i Sogn og fjordane 2014-16. Fylkesmannen og KS, begge Sogn og Fjordane.

SAKSFRAMSTILLING

Faktadel

1. Kort historikk

Spørsmålet om fylkeskommunane bør omdannast til færre og større regionar har vore drøfta i om lag 20 år. Jf. vedlegg 1, som oppsummerer denne «historia», og viser til:

- NOU 1992:15 Kommune og fylkesinndelingen i et Norge i forandring.
- St.meld. 32 (1994-95) om Kommune og fylkesinndelingen.
- NOU 2000:22 Om oppgavefordelingen mellom stat, region og kommune.
- St. meld 31 (2000-2001) Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling.
- St meld 19 (2001-2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet, regionalt/lokalt nivå.
- NOU 2004: 19 Livskraftige distrikter og regioner.
- KS landstyrevedtak 2005 (uttale), med konklusjon om å arbeide for 7-9 regioner.
- Fylkesordfører/-rådslederkollegiet 2006: Sterkere regioner – premisser, oppgaver og inndeling ved en forvaltningsreform (rapport).
- St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid
- Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv.
- Det som har skjedd etter regjeringsskiftet i 2013 vert omtalt under.

2. Kommunereforma

I regjeringsplattforma (H, FrP) av 2013 står det m.a.:

«Regjeringen vil gjennomføre en kommunereform, hvor det sørges for at nødvendige vedtak blir fattet i perioden, jf. samarbeidsavtalen. En mer robust kommunestruktur vil sikre mer kompetanse og større faglighet i den enkelte kommune. Det vil være en fordel for eksempel i vanskelige barnevernssaker, for ressurskrevende tjenester og for en bedre ledelse og utvikling av omsorgs- og utdanningstjenestene. Regjeringen vil invitere partiene i Stortinget til drøftelser om prosessen ...

Regjeringen vil foreta en gjennomgang av oppgavene til fylkeskommunene, fylkesmennene og staten med sikte på å gi mer makt og myndighet til mer robuste kommuner.»

Plattformen klargjør ikkje kva regjeringa ville med fylkeskommunane.

3. Dokument 8-forslag i Stortinget

26.februar 2014 fremja tre stortingsrepresentantar (V) følgjande dokument 8-forslag:

«Stortinget ber regjeringen utrede etablering av et nytt folkevalgt regionnivå som skal erstatte fylkeskommunen, parallelt med det videre arbeidet med en kommunereform.» (Understreking her).

Kommunal- og forvaltningskomiteen i Stortinget tilskreiv då statsråd Jan Tore Sanner og bad om å få hans kommentar. Statsråden svarte følgjande (28.03.14):

«En diskusjon om det regionale folkevalgte nivået bør ev. tas etter at kommunereformen er gjennomført.» (Understreking her).

Kommunal- og forvaltningskomiteen fremja etter dette slik tilråding til Stortinget:

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå oppgavene til fylkeskommunene/et regionalt nivå parallelt med arbeidet med å gi flere oppgaver til kommunene. Dette kan gjøres med

utgangspunkt i en sammenstilling fra tidligere utredninger. Stortinget imøteser en melding til Stortinget om dette våren 2015.» (Understreking her).

NTB la same dag ut følgjande kommentar:

«Stortinget vil erstatte fylkeskommunene med regioner. Det er konklusjonen etter at kommunal- og forvaltningskomiteen tirsdag behandlet et representantforslag fra Venstre om å erstatte fylkeskommunene med et nytt folkevalgt regionnivå i forbindelse med kommunereformen ...»

Stortinget vedtok 18.06.14 kommunalkomiteen si tilråding.

Stortinget handsama same dag også kommuneproposisjonen for 2015 og gjorde då følgjande vedtak – relatert til same sak/spørsmål:

«Stortinget konstaterer at det ikkje er fleirtal for H og FrP sine primærstandpunkt om to folkevalde nivå, jf. dessa partia sine merknader i saken. Stortinget viser vidare til felles merknad i saka frå medlemmene frå H, FrP, V og KrF der det kjem fram at parallelt med kommunereforma må regjeringa gjennomgå og samanstille utredningar gjeldande mellomnivået og sjå desse i samanheng med reforma utan at dette skal forseinke arbeidet med kommunereforma for primærkommunane. Stortinget stadfester at gjennomgangen av oppgåvene til kommunane må inkludere oppgåvene som skal liggje til eit folkevald regionnivå/mellomnivå/færre fylkeskommunar.» (Understrekingar her).

4. Regjeringa si oppfølging

Regjeringa/KMD starta i september arbeidet med å få utgreidd eit regionalt folkevald nivå som del av kommunereforma. Møreforskning har stått for denne utgreinga og oppdraget har vore tredelt:

- Stille saman og vurdere eksisterande utgreiingar og stortingsdokument som inneheld vurderingar og tilrådingar om korleis eit nytt regionalt nivå kan inndelast.
- Stille saman og vurdere utgreiingar/stortingsdokument om kva funksjonar og oppgåver som er lagt til grunn for ulike inndelingsalternativ.
- På sjølvstendig grunnlag skissere eigna funksjonar og oppgåver til regionalt folkevald nivå ut frå ulike inndelingsalternativ.

Møreforskning sin rapport vart framlagt 17.11.14, jf. vedlegg 2. Rapporten drøftar følgjande alternativ (teksten innteken her byggjer på ein rapportpresentasjon av 12.11.14):

- Null-alternativet, dvs. som no. Fylka får neppe nye oppgåver frå staten og må ev. overføre nokre oppgåver til kommunane, men avhengig av ny kommunestruktur.
- Trend-alternativet (utviklinga går sin gang). Minst 200.000 innbyggjarar/region, ideelt sett 400.000 innbyggjarar. 10-15 regionar. Antydar at over tid vil nokre fylke truleg slå seg saman. Dei nye regionane får over nokre oppgåver frå staten, som t.d. BUF-etat. Det kan bli vanskeleg for kommunane å overta vidaregåande opplæring, då dette krev svært store kommunar.
- Landsdelsalternativet. 7 regionar, basert på funksjonelle kriterium og ei betydeleg overføring av oppgaver frå staten. Tilhøyrande kommunereform ender ut med ca. 80 kommuner (handelsregioner) og alle har minst 15.000 innbyggjarar. Direkte val til landsdelstyra og landsdelane kan bli valkrinsar til Stortinget.
- Storbyalternativet, med fleksibel organisering. 20 "storbyar", samt «restfylke». Her droppar ein generalistprinsippet og kommunane blir delt i fire grupper. Dei minste får berre ansvaret for basistenester og lokal utvikling, dei største (byane) får eit totalansvar tilsvarende kommunale og fylkeskommunale oppgaver (Oslo-modell). Fylka får ansvaret utanom storbyene og får varierende oppgaver i høve kommunane, avhengig av storleik og kompetanse. Tal kommuner vert ca. 150, av desse får 20 storbystatus, ca. 50 vert små distriktkommunar. Indirekte val til

regionnivået, dvs. direkte val berre til to nivå – kommunestyre og Storting. Storbyane og fylka blir valkrinsar til Stortinget.

- Fleksibel regional og kommunal organisering; 10-15 regionar. Regionane får eit overordna ansvar for regional planlegging/utvikling og ansvaret for at alle får gode velferdstenester. Kommunane, som ikkje bør vere for mange, får ansvaret for tenester, utviklingsarbeid og samfunnsplanlegging avhengig av storleik og kompetanse – i tett samarbeid med eigen region. Alle kommunane får ansvaret for basistenestene (barnehage, skole, SFO, pleie/omsorg). Modellen føreset at region og tilhøyrande kommunar i fellesskap ivartek eit generalistprinsipp. I dette alternativet blir regionen i realiteten ein «overkommune» som får ansvaret for å fordele ein del oppgåver mellom seg sjølv og underliggjande kommunar. Direkte val til tre nivå; kommunestyre, regionting og Storting. Regionane vert valkrinsar til Stortinget, kommunane til regiontinget.

5. Fylkesordførarane sitt arbeid – fase I


Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet gjorde 9.09.14 slik samrøystes vedtak:

1. Fylkesordfører-/rådslederkollegiet viser til Stortinget sine vedtak av 18. juni 2014 der en ber regjeringen gjennomgå oppgavene til fylkeskommunene/et regionalt nivå parallelt med arbeidet med å gi flere oppgaver til kommunene. Kollegiet oppfatter at flertallsmerknadene fra kommunal- og forvaltningskomiteen tilsier at vi fortsatt skal ha tre forvaltningsnivåer i Norge og at det også skal klargjøres hvilken organisering og hvilke oppgaver som bør ligge på det regionale folkevalgte nivå.
2. Fylkesordfører-/rådslederkollegiet viser i denne sammenheng til foreliggende rapport "Oppgavefordelingen ved en kommune- og regionreform" av 17. juni 2014. Denne viser på en god måte forutsetningene for å ivareta oppgaver som i dag er lagt til fylkeskommunene/det regionale nivå.
3. Fylkesordfører-/rådslederkollegiet forutsetter at både fylkeskommunene og KS blir trukket aktivt med i det videre arbeidet med vurdering av oppgaver som skal ligge til det regionale folkevalgte nivå.
4. Fylkesordfører-/rådskollegiet viser til Stortingsvedtak av 18. Juni 2014, og ber om at fylkeskommunene blir representert i arbeidet med kommunereform som fylkesmennene nå leder.
5. Fylkesordfører-/rådskollegiet viser til Stortingsvedtak av 18. Juni 2014, og ønsker å ta den aktive lederrollen i arbeidet med regionreform.
6. Fylkesrådmannskollegiet bes, med bistand fra KS, om å forberede et konkret forslag om hvilke oppgaver som bør overføres fra staten og videreføres til et regionalt folkevalgt nivå. Forslaget bør også skissere en timeplan for hvordan regionreformen kan knyttes opp mot kommunereformen.
7. Forslaget bes lagt fram for fylkesordførerkollegiet i desember.
8. Når Ekspertutvalgets andre innstilling foreligger, bes fylkesrådmennene arbeide videre med sikte på at fylkeskommunene og KS kan komme med konkrete innspill til den stortingsmeldingen regjeringen legger fram våren 2015.

Pkt. 2 i dette vedtaket viser til rapporten "Oppgavefordelingen ved en kommune- og regionreform" av 17. juni 2014. Underteikna (TE) leia arbeidet med denne rapporten.

Dette arbeidet vart initiert av det same fylkesordførarkollegiet 11.09.13, dvs. rett etter Stortingsvalet i 2013. Nemnde rapport er teken inn som vedlegg 3 til denne saka. Rapporten viser mellom anna kva oppgåver som med fordel bør kunne liggje til eit framtidig folkevald regionnivå. Frå nemnde rapport er det her teke inn to matrisar, ein som viser kvar dagens fylkeskommunale oppgåver alternativt kan innplasserast og ein som viser kvar ein del statlege oppgåver alternativt kan innplasserast:

Alternativ innplassering av fylkeskommunane sine oppgåver:


SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Matrise, fylkeskommunale oppgåver

Oppgaver	Mellomnivået		Kommunene, alt. innbyggertall			
	Region/landsdel	Fylke	>100 000	>50 000	>10 000	<10 000
Fagskolene	x	x				
Vg. opplæring	x	x	x			
Kollektivtransport	x	x	x			
Off. tannhelse	x	x	x	x		
Fylkesveier	x	x	x	x	x	x
Kulturtilskudd/institusjon	x	x	Litt	Litt	Litt	
F-helsedata	x	x	x	x		
Fylkesbibliotek	x	x	x	x		
Kulturminneforvaltning	x	x	x			
Næringsutvikling	x	x	x			
Spillemiddelforvaltning	x	x				
Regional planlegging	x	x				
Regionale FoU-fond	x					
KMD-tilskudd	x	x	x	Ev delegert	Ev delegert	
Vannregionmyndighet (G-skoleskiss, finansiering)	x					
			x	x	x	x

Alternativ innplassering av ein del statlege oppgåver:


SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Matrise, statlege oppgåver

Oppgaver	Mellomnivået		Kommunene, alt. innbyggertall			
	Region/landsdel	Fylke	>100 000	>50 000	>10 000	<10 000
Kjøp av tog/flytransport	x					
SVV - regionvise oppgaver	x					
SVV - fylkesvise oppgaver	x	x				
Miljøvernoppgaver	x	x				
BUF-etat regionoppgaver	x	x	x	x		
Statped regionoppgaver	x	x	x	x		
Kulturtilskudd/institusjon	x	x	x	Noe	Noe	
Landbruk/bygdeutvikling	x	x	Noe	Noe	Noe	
Kommunale skjønnsmidler	x (prosjekt)	x (prosjekt)				
Spesialisthelsetjeneste	x		Noe	Noe		

I tilknytning til ovannemnde vedtak sende fylkesordførarkollegiet ut slik pressemelding:

«Fylkeskommunene må med i kommunereformen

Et enstemmig collegium av fylkesordførere og fylkesrådsledere er bekymret for at arbeidet med kommunereformen mangler et engasjement for hvordan de regionale oppgavene skal løses til innbyggernes beste.

- Det er ikke nok å vurdere hvilke oppgaver som kan overføres til større kommuner. Vi vet at en del oppgaver, for eksempel kollektivtransport og videregående utdanning, uansett

blir for store for de aller fleste kommunene. Hvis vi ikke ser lokalt og regionalt folkevalgt nivå i sammenheng, er det stor risiko for at slike oppgaver blir overført til staten. Da får vi det motsatte av en demokratireform, sier Janne Johnsen, fylkesordfører i Rogaland og nestleder i fylkesordfører-/fylkesrådslederkollegiet.

Stortinget har slått fast at et regionalt nivå skal beholdes. Derfor ønsker kollegiet av fylkesordførere og fylkesrådsledere å ta en lederrolle i arbeidet med regionreform.

- Kollegiet ser det som en forutsetning at fylkeskommunene blir trukket aktivt med i det videre arbeidet med å vurdere hvilke oppgaver som skal ligge til det regionale folkevalgte nivå. Fylkeskommunene må også være representert i arbeidet med kommunereform som fylkesmennene nå leder, sier Janne Johnsen.»

6. Fylkesordførarane sitt arbeid – fase II

Pkt. 6 i vedtaket teke inn over viser at ei arbeidsgruppe under fylkesrådmannskollegiet no arbeider vidare med saka. Ein ny rapport frå denne gruppa skal vere klår til møte i fylkesordførarkollegiet 5.12.14. Underteikna (TE) er også med i denne gruppa (medlem). Denne gruppa skal konkret tilrå kva oppgåver som bør førast over frå staten til det folkevalde regionnivået og samtidig skissere ein timeplan for korleis regionreforma bør knytast opp mot kommunereforma.

Dette arbeidet, med vekt på handsaminga i fylkesordførarkollegiet 05.12.14 kan utløyse eit behov for særskilt behandling i fylkesutvalet vårt, ev. eit ekstramøte i fylkestinget (januar/februar 2015).

7. Ekspertutvalet (Vabo) sine rapportar (I og II)

Regjeringa sitt ekspertutval for kommunereforma (Vabo-utvalet) la fram sin første rapport ultimo mars 2014. I denne rapporten skisserte utvalet ei nedre grense for kommunestorleik på 15.000 - 20.000 innbyggjarar.

31.03.14 fekk same utval følgjande tilleggsmandat:

«Som grunnlag for denne vurderingen skal ekspertutvalget - på faglig grunnlag - analysere og vurdere eksempler på enkelte oppgaver som det kan være aktuelt å overføre til kommunene, forutsatt større og mer robuste kommuner. Utvalget skal vurdere eksempler på oppgaver innen tjenesteproduksjon, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling.»

Utvalet sin rapport II vil truleg kome tidleg i desember 2014. Her kan det kome framlegg om at ei rekke fylkeskommunale og statlege oppgåver kan førast over til kommunane. Det kan og tenkjast at utvalet kan kome til å utfordre generalistkommuneprinsippet, dvs. prinsippet som seier at alle kommunar skal ha same basisoppgåver og same finansiering.

Vurderingsdel

1. Fylket vårt

Sogn og Fjordane er landets 8. største fylke målt i areal, men nest minste målt i folketal (109.000 innbyggjarar). Fylket har 26 kommunar med eit gjennomsnittleg innbyggjartal på 4.200. Berre Finnmark har eit lægre innbyggjartal pr. kommune, men så er også dette fylket landet desidert største målt i areal.

Sogn og Fjordane ligg bra sentralt til i Sør-Norge, men har samtidig svært mykje spreidd busetting. Det er truleg rett å karakterisere fylket vårt som landets mest distriktsprega

gjennom kombinasjonen av spreidd busetting og mangel på dominerande byar og store tettstader.

Dette fører i sin tur til at Sogn og Fjordane kanskje har eit særleg behov for å ha ei folkevald, regional eining som kan møte og kommunisere med ein stadig meir fragmentert og sektorinndelt stat. Og det kan bli ein stat der både den spesifikke distriktskunnskapen og den eigentlege interessa for distrikt som vårt både smuldrar og forvitrar. Den kommunestrukturen som no vert utgreidd, vil neppe kunne bli kraftfull nok til å hevde seg i høve ei vidare sentralisering på statleg side.

2. Alternative modellar

I lys av komande kommunereform, koplå til arbeidet med ei samtidig og parallell region-reform, ser fylkesrådmannen for seg slike alternative modellar for fylket vårt:

- a. Eigen region lik dagens fylkeskommune (0-alternativet).
- b. Ein folkevald kommuneorganisasjon i dagens Sogn og Fjordane («Oslo-modell»).
- c. Sogn og Fjordane slått saman med Hordaland.
- d. Sogn og Fjordane slått saman med rest-Hordaland viss Bergen m/omland blir skilt ut.
- e. Sogn og Fjordane slått saman med Hordaland og Rogaland.
- f. Sogn og Fjordane slått saman med Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal.
- g. Sogn og Fjordane går «i oppløysing».

Kort omtale med stikkordsprega vurderingar av kvar av desse alternative modellane:

a. Eigen region lik dagens fylkeskommune (0-alternativet)

Jf. kort omtale av fylket vårt over.

Vurdering: Dersom pågåande kommunereformprosess resulterer i færre og større kommunar, aukar sjansen for at det også vil skje noko med fylkeskommunane. Viss vi og får ei utvikling i retning av færre og større regionar/fylkeskommunar, er Sogn og Fjordane som eigen region lite realistisk. Begge Trøndelagsfylka, som kvar for seg er større enn Sogn og Fjordane, alt har gjort vedtak om samanslåing frå 2020. Utover dette ser det ut som om dei fleste legg seg på ei avventande line. Fylkesrådmannen vurderer denne modellen som lite realistisk/framtidsretta.

b. Ein folkevald kommuneorganisasjon i dagens Sogn og Fjordane («Oslo-modell»)

Modellen inneber at alle kommunane våre slår seg saman og fusjonerer samtidig med fylkeskommunen. Den nye kommuneorganisasjon vil byggje på dei oppgåver kommunane og fylkeskommunen no har og kanskje også få tilført nokre statlege oppgåver. Modellen føreset at det nye «Sogn og Fjordane-styret» gjer ein god del overordna rammevedtak og at avgjerdsmynde i bra stor grad vert lagt til sektor-nivået og til lokalt nivå. Modellen må truleg byggje på gjennomgåande oppgåve-utvikling og styring innan oppvekst (barnehage, grunnskule, vidaregåande skule), kulturfeltet, næringsutvikling, eit samla vegnett, skuleskyss/kollektiv, folkehelse/helse, sosiale ytingar, planlegging og administrative funksjonar. Kommunane si «medgift» vil vere ca. 75-80 % og fylkeskommunen si ca. 20-25%. Kommunane vil altså måtte vere den dominerande parten. Driftsbudsjettet vil kunne bli på nivå 10 mrd. kroner og tal tilsette på nivå 7.000 – 9.000. Modellen må ev. utgreiast

Vurdering: Modellen, som ikkje vil bryte med generalistkommunepriippet, kan vere realistisk viss partane vil. Sogn og Fjordane er eit «homogent fylke», og vil truleg vere det fylket (utanom Oslo) der det ligg best til rette for innføring av ein slik modell. I nesten alle andre fylke vil den tradisjonelle konflikten mellom storby og distrikt heller peike i retning av at byen vil innlemme nabokommunane og på det grunnlaget arbeide for å få overført tunge fylkeskommunale oppgåver. I vårt fylke vil ingen alternative modellar kunne gje store nok kommunar til at slike oppgåver kan bli styrte herifrå. I modellen vil fylket kanskje kunne bestå som ei homogen, robust og stor distriktseining, og tida der vi vil vere «minst i klassen»

vil definitivt vere forbi. Hovudmotivasjonen for ev. å gå for ein slik modell må truleg liggje i at Sogn og Fjordane, som eit utprega distriktsfylke, alltid vil måtte trenge både kommune og fylkeskommune for framleis å kunne hevde seg. Ei eiga utgreiing bør vise kor stor/robust ein slik organisasjon faktisk kan bli og korleis organisasjonen kan styrast, herunder korleis ein kan delegere avgjerdsmynde til eigne sektororgan og til underliggjande geografiske/lokale organ. Og akkurat på dette siste området trur eg vi kanskje vil måtte gjere eit visst nybrotsarbeid, ved at vi på ingen måte berre kan «kopiere Oslo». Hovudstaden vår har over 600.000 innbyggjarar og praktiserer direkte val til eigne bydelsutval. Desse utvala tek i vare både politiske og administrative funksjonar knytt til barnehagar, barnevern, omsorgstenester, visse NAV-funksjonar og nærmiljøtiltak. På nokre fagområde er bydelane tillagt bestillerfunksjonar og på andre område har dei status som faste høyringsinstansar. Dersom det viser seg å vere interesse for ei slik utgreiing, må kommunane (ev. gjennom regionråda) vere delaktige i utgreiingsarbeidet. Fylkeskommunen bør tilby seg å finansiere arbeidet. Eit ev. endeleg vedtak om å starte ei utgreiing bør gjerast i fylkestinget våren 2015. Jf. tilråding til vedtak pkt. 2.

c. Sogn og Fjordane slått saman med Hordaland

I dette alternativet vil regionen få ca. 615.000 innbyggjarar, dvs. 12% av landets befolkning.

Vurdering: Dette vil vere eit svært realistisk alternativ og kan særleg bli aktuelt dersom vi legg oss på ei rimeleg passiv line, eller rett og slett gjer ingenting. Dei to fylka har ein god del felles historie og identitet, og høyrer t.d. til same bispedøme (Bjørgvin). Det er 11 andre bispedøme i landet vårt og eit typisk trekk for mange av desse er sterke interne band. Ein slik regionen vil neppe få mange nye oppgåver. Hordaland vil utvilsamt bli ein storebror. Dei åtte største kommunane i dette fylket er alle større enn vår største kommune, Førde. Dette kan gje fylket vårt eit visst «annekspreg». Viss vi i utgangspunktet skulle vere sikra ein viss representasjon i regiontinget, vil dette neppe bli varig. «Sogn og Fjordane» vil bli borte over noko tid som følgje av at det som er att av fylkesdekkande einingar vert avvikla.

d. Sogn og Fjordane slått saman med rest-Hordaland viss Bergen m/omland blir skilt ut

I denne modellen blir Bergen (272.000 innbyggjarar), av funksjonelle grunnar, slått saman med store nabokommunar. Byen sitt folketal vil då auke til 340.000 - 400.000. Bergen vil samtidig overta tunge fylkeskommunale oppgåver, ev. få «Oslo-modell». Samtidig blir Sogn og Fjordane fusjonert med rest-Hordaland og får 215.000 – 285.000 innbyggjarar.

Vurdering: Kanskje ikkje så realistisk, men teknisk/logisk fullt mogleg. Den nye regionen blir ein homogen distriktsregion og kan kanskje «administrerast» frå dagens Sogn og Fjordane.

e. Sogn og Fjordane slått saman med Hordaland og Rogaland

I denne modellen vil regionen få 1.075.000 innbyggjarar, 21% av landets befolkning.

Vurdering: Modellen er realistisk, men berre dersom både Hordaland og Rogaland vil. Dersom regjering og Storting torer å delegere tunge samfunnsfunksjonar til eit nytt folkevald regionnivå (spesialisthelseteneste, regionvegfunksjonen mv), vil ein slik region kunne bli ein kraftfull og tung maktfaktor. Men i ein slik modell vil det truleg bli lagt opp til ei tydeleg ansvars- og arbeidsdeling mellom Bergen og Stavanger, noko som vil føre til at Sogn og Fjordane (10% av folketalet) vil bli ein skikkeleg utkant. «Sogn og Fjordane» vil bli borte over noko tid som følgje av at det som er att av fylkesdekkande einingar vert avvikla.

- f. Sogn og Fjordane slått saman med Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal
I denne modellen vil regionen få 1.340.000 innbyggjarar, dvs. 26% av landets befolkning. Det geografiske nedslagsfeltet vil tilsvare dagens Vestlandsråd.

Vurdering: Realistisk, men berre viss alle fylka vil. Eit viktig spørsmål vil vere om Møre og Romsdal vil bli med i ein slik landsdelskonstruksjon, ev. at fylket vert delt ved at Romsdal går nordover. Dersom staten vil delegere samfunnsfunksjonar som spesialisthelseteneste, regionvegfunksjonen mv til ein slik region, vil denne kunne bli ein svært kraftfull og tung maktfaktor nasjonalt. Modellen vil vere gunstigare for Sogn og Fjordane enn modell e. over. «Sogn og Fjordane» vil også her bli borte over noko tid som følgje av at det som er att av fylkesdekkande einingar vert avvikla.

- g. Sogn og Fjordane går «i oppløysing»

Modellen kan bli ein realitet viss mange kommunar fusjonerer ut av dagens fylke og det samtidig blir etablert regionar som «forsyner» seg både nord- og sørfrå.

Vurdering: Ikkje veldig sannsynleg. Kanskje ein viss sjanse for noko slikt dersom fleire/mange av kommunane ikkje frykter å bli tydelege utkantar i nye regionar, samtidig som dagens fylkeskommune vert veldig passiv i reformprosessane. I eit slikt alternativ vil alle tunge fylkeskommunale funksjonar bli styrte frå andre stader enn i dag.

3. Alternative strategiar

Fylkesrådmannen si vurdering er at Sogn og Fjordane fylkeskommune pr. dato kan velje ein av tre moglege strategiar:

Alternativ 1: Sitje stille i båten (og satse på at «det går over»)

Bak ein slik strategi kan det liggje eit ønskje om at fylkeskommunen må få bestå, ev. få status som ein eigen region. Blant modellane over er dette kalla (a) «Eigen region lik dagens fylkeskommune (0-alternativet)».

Fylkesrådmannen vurderer denne strategien som lite framtidsretta. Intensjonen i det å velje ein slik strategi kan vere god, men resultatet kan fort bli at ein ender ut i modell (g) Sogn og Fjordane går «i oppløysing», ev. at «andre» innplasserer oss. Det ein i så fall risikerer å miste er styringa over alle tunge fylkeskommunale funksjonar – som i dag verte styrte frå fylket vårt. Dette kan og få konsekvensar for andre offentlege funksjonar på fylkesnivået.

Alternativ 2: Sitje stille førebels, men etter kvart gå på hovudtoget

Det kjem fleire utgreiingar alt før jul 2014. Jf. rapporten frå Møreforsking som nett er komen (vedlegg 4) og rapporten frå Vabo II - begge tinga av KMD. Det er varsla at desse vil bli følgde opp i ei stortingsmelding før sommaren 2015. Kva som vil skje etter det og kor fort prosessane då vil gå, er det svært vanskeleg å seie. Jf. og rapport II frå fylkesrådmennene som fylkesordførarane har tinga. Nemnde rapport, med påfølgjande handsaming i fylkesordførarkollegiet i des-14, vil truleg resultere i fylkesvise handsamingar og nokre felles krav inn mot nemnde stortingsmelding. Men det kan og tenkjast at fleire fylkeskommunar nyttar høve til å starte egne prosessar, for ikkje risikere å kome på etterskot.

Fylkesrådmannen meiner vi tek ein viss risiko dersom vi no vert for avventande. Mykje talar for at sjansen for den mest sannsynlege løysinga då aukar, og det vil etter mitt syn vere modell (c); Sogn og Fjordane blir slått saman med Hordaland. Og som eg skriv over; Hordaland vil då utvilsamt bli storebror og fylket vårt vil truleg få eit visst

«annekspreg». Ein distriktsvariant av denne kan vere modell (d), der Bergen m/omland blir skilt ut og Sogn og Fjordane slått saman med rest-Hordaland. Modellen er neppe realistisk, sjølv om han vil vere teknisk/logisk mogleg.

Men vi tek ein risiko til ved å vere for avventande; det vil bli vanskelegare å få til ein prosess som blir køyrd parallelt med kommunereforma i fylket. Det kan gjere det vanskeleg å få drøfta kva som reelt sett vil skje med fylkeskommunen sine oppgåver, sjølv om det openbert vil vere viktig for kommunane.

Det kan og gjere det umogleg å få regionråda og kommunane til ev. å vere med å vurdere ein modell tufta på ideen om ein folkevald kommuneorganisasjon i dagens Sogn og Fjordane («Oslo-modell»), dvs. modell b. over.

Alternativ 3: Ta nokre initiativ no

Slik fylkesrådmannen ser det bør fylkeskommunen ta eit par initiativ no, jf. framlegg til vedtak i saka.

Vestlandsrådet (VR)

Det eine er å reise spørsmålet i Vestlandsrådet om ein her er innstilt på å få utgreidd ei felles regionløysing for landsdelen vår. Jf. vedtakspunkt 1. Den aktuelle landsdelen har over ¼ av landets befolkning og kan – dersom vi og får tilført tunge statlege oppgåver – bli ein sterk maktfaktor, også nasjonalt. For Sogn og Fjordane vil dette definitivt vere ei gunstigare løysing enn modellen (e) der vi berre slår oss saman med fylka sør for oss.

I VR kan eit slikt initiativ fremjast i møte alt 27.11.14 med intensjon om å følgje opp på første ordinære møte i 2015. Dette kan gjerast ved at Sogn og Fjordane sin medlemer i rådet, under leiinga av fylkesordføraren, 27.11 ber om at det vert fremja ei eiga saka til første møte i VR i 2015 der ein vurderer å starte ein utgreiingsprosess.

Jf. tilråding til vedtak – punkt 1.

Kople region- og kommunereforma i fylket

Eit anna initiativ kan vere å oppmode partane som no arbeider med kommunereforma her i fylket om å vere med å gjere ei samtidig utgreiing av eit alternativ basert på 1 – ein – folkevald kommuneorganisasjon i dagens Sogn og Fjordane («Oslo-modell»). Som det går fram av tilrådinga i saka, må:

- Ein slik organisasjon byggje på dei oppgåver kommunane og fylkeskommunen no har og tillegg få tilført nye oppgåver frå staten.
- Modellen utgreiast og konkret vise kor stor og robust ein slik organisasjon faktisk kan bli, korleis organisasjonen kan styrast, herunder korleis ein kan delegere avgjerdsmynde til eigne sektororgan og til geografiske/lokale organ.
- Kommunane vere med på eit ev. utgreiingsarbeid, ev. gjennom regionråda.

Det arbeidet som no pågår i fylket vårt er basert på ein eigen prosjektplan, jf. vedlegg 4.

Både fylkesordføraren og fylkesrådmannen er med i referansegruppa i høve arbeidet med kommunereforma her i fylket. På siste møte i gruppa (28.10.14) var det meininga at vi skulle kunne drøfte ev. koplingar mellom kommune- og regionreforma. Men dette måtte då utsetjast, av praktiske grunnar. Neste møte i gruppa vert 11.12.14. Dersom FU gjer eit vedtak som tilrådd i denne saka, bør spørsmålet kunne reisast på dette møtet.

Jf. tilråding til vedtak – punkt 2.

Begge tilrådingpunkta i saka satsar på store og kraftfulle løysingar. Etter mi vurdering må vi truleg ta tidlege initiativ dersom slike alternativ skal kunne bli vurderte. Alternativet vil vere å leggje seg på ei meir avventande line. Då vil truleg eit eller anna mellomalternativ kunne segle opp og eg er noko tvilande til

om eit slikt alternativ vil kunne ivareta den særeigne distriktsinteressa som i dag knyter seg til fylket vårt.

Tilråding/vedtak

Jf. tilrådinga i saka.